



Bressvika Byggefelt AS
Fløholmen 6
5937 BØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/2272 - 19/6226

Saksbehandlar:
Silje Haukedal
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:
11.04.2019

Byggesak Gbnr 28/4 Bressvika - Manglande ferdigattest for felles veg-, vatn- og avløpsanlegg - tilbakemelding

Kommunen visar til møtet angående bustadfeltet i Bressvika den 22.02.2019. I møte vart det avtala at tiltakshavar, Tore Kvalheim, og ansvarleg søker, Atle Utkilen, skulle kome med ei tilbakemelding til kommunen om vegen vidare innan 2 veker.

Tore Kvalheim tok kontakt med kommunen per telefon den 4 mars. Han informerte om at han ønska eit nytt møte med kommunen der han kunne leggje fram bevis for at reguleringsplanen ikkje stillar krav til fortau.

Ansvarleg søker, Atle Utkilen, har kome med tilbakemelding i brev datert 14.03.2019.

I brevet visast det til at ansvarleg søker ikkje har vore formelt varsla om at ferdigattesten vart omgjort til et mellombels bruksløyve. Orsaka til dette er at tiltakshavar i klagesaka valte og vere representert ved advokat. Tiltakshavar si advokat blei formelt underretta om omgjeringa.

Som vist til i møte har kommunen fokus på å komme vidare i denne saka. Status i saka er at det 21.03.2012 ble fatta vedtak der ferdigattest blir omgjort til mellombels bruksløyve. Vedtaket vart stadfesta av Fylkesmannen i Hordaland i vedtak datert 10.12.2013. Fylkesmannen sitt vedtak blei i brev frå advokatfirmaet Hammervoll Pind, på vegne av OK Eigedom, kravd omgjort. Fylkesmannen tok i sitt brev datert 02.01.2018 ikkje kravet til følgje.

Den rettslege status i saka er at det føreligg mellombels bruksløyve med vilkår før ferdigstilling.

I samtale med Tore Kvalheim ønska han nytt møte med kommunen der han fekk leggje fram bevis for at reguleringsplanen ikkje stiller krav til fortau. Kommunen vurderer at denne dokumentasjonen må leggjast fram i en søknad om ferdigattest. Berre på den måten kan kommunen ta stilling til om bustad feltet faktisk er ferdigstilt i tråd med tidlegare løyver og reguleringsplan.

For å komme vidare i saka sett kommunen frist for innsending av søknad om ferdigattest.

Frist for innsending av søknad om ferdigattest er 31.05.2019.

Dersom søknad om ferdigattest ikkje blir motteke innan fristen vil kommune vurdere vidare oppfølging i form av førehandsvarsel om pålegg om ferdigstilling og tvangsmulkt.

Dette brevet er sendt til Tore Kvalheim som tiltakshavar i byggesaka og felles veg, vatn og avløpsanlegg til bustadfeltet og til Bresvika Byggefelt AS som ny eigar av gbnr. 28/4.

Med helsing

Jarle Landås
rådmann

Silje Haukedal
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bresvika Byggefelt AS
Tore Kvalheim

Fløholmen 6
Fløholmen 6

5937
5937

BØVÅGEN
BØVÅGEN